



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

## **Møtebok for Meland sokneråd - soknerådssaker**

**Møtedato:** 03.11.2016  
**Møtetid:** kl. 18:30  
**Møtestad:** Møteplassen

### **Til stade:**

Regine Sagstad Berg, Ingunn Reigstad, Anne Sofie Nergård Uthaug, Torbjørn Aamli, Bent Gunnar Næss, Andreas Sagstad Berg, Brigte Roar Skeie, Andreas Westermoen.

### **Meldt forfall:**

Per Audun Heskestad, Synnøve Kårstad Ryland (permisjon), Aslaug Cecilie Sæle Miljeteig, Anne Kjersti Tveiten Erikstein, Torbjørn Bøen.

### **Innkalling, saksliste og sist møtebok:**

Innkalling og saksliste vart godkjent. Møtebok frå møte 06.10.16 vart godkjent.

### **Meldingssaker:**

#### **Sak 000028 Felix og finansiering**

Styret i Felix vert kalla inn til samtale på neste AU-møte.

#### **Sak 000029 Ny NAMU-undersøking**

AU tek sikte på å gjennomføre ei ny NAMU-undersøking i januar 2017.

#### **Sak 000030 Strategitur**

Det er viktig at det snarast vert sett av dato for strategitur for stab og sokneråd. *To forslag er sett opp 3.-4. februar eller 10.-11. februar.*

#### **Sak 000031 Trusspråk-kurs**

AU ønskjer at det vert arrangert eit trusspråk-kurs våren 2017. Orienterer meir om dette i møtet ( sjå meir info om kurset på: <http://namunorge.no/course/trossprak>. *Framlegg til dato 11.-13.mars. Det blir invitert til samarbeid med Alversund sokn.*

#### **Sak 015/16 Felles kyrkjeblad pr nov 2016**

##### **Framlegg til vedtak**

- 1.Meland sokneråd går inn for eit samanslått kyrkjeblad med lokal utside og eigne sider for Meland, samtidig som det blir fellesstoff som passar til alle sokna som er med. Vedtaket føreset at Lygra, Seim, Alversund og Osterfjorden sokn også går inn for eit slik fellesblad.
2. Soknerådet set i gang eit rekrutteringsarbeid for å skaffe folk til redaksjonen lokalt og fellesredaksjon. Blir det ikkje fellesblad, har vi likevel bruk for nye folk til Kontakt-redaksjonen.
- 3.Ordnings med fellesblad blir foreslått prøvd ut i 2017 og 2018 og blir evaluert mot slutten av 2018. Det kan gjerne inviterast med andre sokn i denne perioden – til dømes Radøy, Lindås, Hundvin og Myking, som kjem i same fellestråd som oss frå 2020.



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

## Møtehandsaming

Framlegg til punkt 4 i vedtaket:

Vi ønskjer at det blir utarbeidd framlegg til styreform, redaktøransvar og vilkår for det økonomiske samarbeidet.

## Vedtak

1. Meland sokneråd går inn for eit samanslått kyrkjeblad med lokal utside og eigne sider for Meland, samtidig som det blir fellesstoff som passar til alle sokna som er med. Vedtaket føreset at Lygra, Seim, Alversund og Osterfjorden sokn også går inn for eit slik fellesblad.
2. Soknerådet set i gang eit rekrutteringsarbeid for å skaffe folk til redaksjonen lokalt og fellesredaksjon. Blir det ikkje fellesblad, har vi likevel bruk for nye folk til Kontakt-redaksjonen.
3. Ordninga med fellesblad blir foreslått prøvd ut i 2017 og 2018 og blir evaluert mot slutten av 2018. Det kan gjerne inviterast med andre sokn i denne perioden – til dømes Radøy, Lindås, Hundvin og Myking, som kjem i same fellesråd som oss frå 2020.
4. Vi ønskjer at det blir utarbeidd framlegg til styreform, redaktøransvar og vilkår for det økonomiske samarbeidet.

Samrøysta vedtak

For Meland sokneråd - soknerådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug  
Kyrkjeverje



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

## Møtebok for Meland sokneråd - fellesrådssaker

**Møtedato:** 03.11.2016  
**Møtetid:** kl. 20:00  
**Møtestad:** Møteplassen

### Til stade:

Torbjørn Aamli, Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen, Andreas Westermoen, Brigt Roar Skeie, Bent Gunnar Næss, Andreas Sagstad Berg, Ingunn Reigstad, Regine Sagstad Berg, Anne Sofie Nergård Uthaug.

### Meldt forfall:

Per Audun Heskestad, Torbjørn Bøen, Anne Kjersti Tveiten Erikstein, Aslaug Cecilie Sæle Miljeteig, Synnøve Kårstad Ryland (permisjon)

### Innkalling, sakliste og sist møtebok:

Innkalling og sakliste vart godkjent. Møtebok frå møte 06.10.16 vart godkjent

### Meldingssaker:

#### Sak 000057 Budsjettinnspel til kommunen

Budsjettinnspel til kommunen sitt budsjett for 2017 er sendt inn, men soknerådet må ha høve til å uttale seg. Innspelet ligg som vedlegg.

*Kyrkjeverja gjekk igjennom ein presentasjon om korleis driftstilskotet ikkje har vorte heva i takt med folketalesutviklinga og konsekvensar av dette. Soknerådet bad kyrkjeverja sende dette inn til formannskapet før budsjettkonferansen komande veke.*

#### Sak 019/16 Omgjering og utlysing av stilling

*Forslag til vedtak – frå kyrkjeverja:*

- a. Stillinga som undervisningsprest blir omgjort til ei trusopplærarstilling
- b. Framlegg til stillingsomtale blir vedteken som det ligg føre
- c. Stillinga blir utlyst snarast (om mogleg 12. november) med søknadsfrist tre veker seinare (3. desember). Utlysingsteksten blir vedteken som han ligg føre. Soknerådet vil gjere tilsetjinga i ekstra møte 15. desember/Soknerådet deleger tilsetjinga til administrasjonsutvalet.
- d. Det blir sendt eit brev til Bjørgvin bispedøme og prost for å varsle om at vi frå 1. februar 2017 har berre ein prest tilgjengeleg i Meland. Vi vil varsle at vi forventar at bispedømet gjer tilgjengeleg tilstrekkeleg presteressurs til at vi kan gjennomføre forordna gudstenester, kyrkjelege handlingar og delar av konfirmantundervisninga. Alternativt må dei stille tilgjengeleg kateket- eller diakonressurs, så vi kan fordele arbeidet annleis i staben.
- e. Kyrkjeverja vert oppmoda om å finne ein mogleg vikar til ein eventuell vakanseperiode.

*Møtebehandling:*

- a. Stillinga som undervisningsprest blir omgjort til ei trusopplærarstilling
- b. Stillingsomtale og utlysingstekst vert ferdigstilt av administrasjonsutvalet utifrå signal i møtet.



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

- c. Stillinga blir utlyst snarast med søknadsfrist tre veker seinare. Soknerådet deleger tilsetjinga til administrasjonsutvalet og AU.
- d. Det blir sendt eit brev til Bjørgvin bispedøme og prost for å varsle om at vi frå 1. februar 2017 har berre ein prest tilgjengeleg i Meland. Vi vil varsle at vi forventar at bispedømet gjer tilgjengeleg tilstrekkeleg presteressurs til at vi kan gjennomføre forordna gudstenester, kyrkjelege handlingr og delar av konfirmantundervisninga. Alternativt må dei stille tilgjengeleg kateket- eller diakonressurs, så vi kan fordele arbeidet annleis i staben.
- e. Kyrkjeverja vert oppmoda om å finne ein mogleg vikar til ein eventuell vakanseperiode.

## Vedtak:

- a. Stillinga som undervisningsprest blir omgjort til ei trusopplærarstilling
- b. Stillingsomtale og utlysingstekst vert ferdigstilt av administrasjonsutvalet utifrå signal i møtet.
- c. Stillinga blir utlyst snarast med søknadsfrist tre veker seinare. Soknerådet deleger tilsetjinga til administrasjonsutvalet og AU.
- d. Det blir sendt eit brev til Bjørgvin bispedøme og prost for å varsle om at vi frå 1. februar 2017 har berre ein prest tilgjengeleg i Meland. Vi vil varsle at vi forventar at bispedømet gjer tilgjengeleg tilstrekkeleg presteressurs til at vi kan gjennomføre forordna gudstenester, kyrkjelege handlingr og delar av konfirmantundervisninga. Alternativt må dei stille tilgjengeleg kateket- eller diakonressurs, så vi kan fordele arbeidet annleis i staben.
- e. Kyrkjeverja vert oppmoda om å finne ein mogleg vikar til ein eventuell vakanseperiode.

## Samrøystes vedtak

For Meland sokneråd - fellesrådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug  
Kyrkjeverje